



Ing Taule AS
Kvassnesvegen 33
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/775 - 17/5463

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
27.04.2017

Byggesak Gbnr 25/59 Haugland - einebustad - arkivert utan vidare handsaming

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.04.2017

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at ny søknad vert supplert med følgjande dokumentasjon/rettingar:

1. Det er ikkje søkt om garasje, men er vist i situasjonskart og snitt. Det må avklårast om garasje er del av søknaden og om det er denne som er nemnt som 40 m² i grad av utnytting.
2. Då hytta skal rives før oppføring av bustad, er det ikkje naudsynt å søkja bruksendring på eksisteranda bygg.
3. Situasjonskart stettar ikkje krav til situasjonsplan
4. Det er i situasjonskartet og i snitt vist ein mur, denne er ikkje omtalt i søknaden.
5. Balkong sitt areal må medreknas i bygd areal da den er nærare terreng enn 5 meter.
6. Bruksareal er ikkje lagt inn i søknadens «grad av utnytting».
7. I mottatt korrespondanse mellom Ing Taule og eigar av tomt gnr/bnr/25/7 rår det usemje om tal teljande etasjar. Ingeniør Taule visar til teknisk forskrift § 6-1 var berekning av etasjar. Reguleringsplanen av 1973 visar til 1 ½ høgde, eventuelt 2 om byggesak ser tilhøva å ligga til rette for dette. For å berekna teljande etasjar etter krav gitt i reguleringsplanen av 1973 blir det det ordlyd i byggeforskrift av 1969 som blir gjeldande.
8. Da bygget har ein høgde på 8.7 m til mønet er det ønskeleg at det blir lagt med eit snitt som viser byggets kotehøgde opp mot nærliggande bustaders høgder. Dette for kommunen skal kunne ta stilling til om tilhøva legg til rette for bygning i to høgdar, jamfør reguleringsplan § 8.
9. Det er gitt aksept frå Radøy kommune som grunneigar og vegstyresmakt til å nytta eksisterande gangveg til bilveg, men i høve reguleringsplan er dette ein gangveg. Det må derfor søkas dispensasjon frå plan for å nytta gangveg som tilkomstveg for bilar til eigedom.
10. Det er ikkje søkt om løyve til avkjørsle til kommunal veg.

11. I høve Lov om vegar § 29, 2. ledd skal det minst vera 15 meter frå vegmidte i gangveg til byggegrensa. Da situasjonskart visar både bustad og garasje i ein avstand mindre enn 15 meter til vegmidte i gangveg må det også her søkjast om dispensasjon.

12. Er det naudsynt med utbetring av gangveg for å nytta denne til biltrafikk, må dette søkjast om.

13. Det er ikkje vedlagt søknad om tilknytning til kommunalt vatn og avlaup, eller dokumentasjon på løyve for tilknytning.

14. Det er avvik mellom gjennomføringsplan og ansvarsretter. Eksempelvis manglar erklæring om ansvarsrett for utførande VVS, utførande innmåling, skorstein/pipe, grunnarbeid osv.

Søknaden inneheldt for lite opplysningar til at den kan handsamast. Søknaden vert **arkivert utan vidare handsaming**. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad. Dette for å holda ein ryddigare saksgang .

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sebastian Sylta Paulsen	Bøtjørnvegen 142	5937	BØVÅGEN
-------------------------	------------------	------	---------

Mottakarar:

Ing Taule AS	Kvassnesvegen 33	5914	ISDALSTØ
--------------	------------------	------	----------